

Tillegg til fylkesutvalsak 40/14:

## **Fullmakt til Statens vegvesen til å overdra bruksrettar til vertikalnivå over bakken -**

Det vert vist til sak i samferdselsutvalet den 12. februar 2014, sak 2014/10706 – Fullmakt til Statens vegvesen til å overdra bruksrettar til vertikalnivå over bakken.

Her kjem nokre presiseringar til saka.

Saka gjeld delegasjon av mynde.

Fylkestinget i Hordaland har i dag som øvste organ mynde til å overdra bruksrettar til vertikalnivået over bakken og til å avgjera om det skal takast betaling ved avståing av bruksrettar til vertikalnivået over fylkeskommunal veggrunn, då dette ikkje er delegert til andre.

Fullmakt til å vedta kjøp og sal av eigedomar som er nødvendig i samband med fylkeskommunens sitt ansvar for fylkesvegar er delegert til Fylkesrådmannen. Fullmakta er vidaredelegert til regionvegsjefen. Tilsvarande fullmakt til å overdra bruksrettar er ikkje delegert.

Administrasjonen har vurdert om det er behov for ein fullmakt. Ein har funne at det er eit sakleg behov for delegasjon på dette området her. (Sjå sak 2014/10706.)

Det vert rådd til at fylkesrådmannen får fullmakter til å avgjera om ein skal overdra bruksrettar til vertikalnivået over fylkeskommunal veggrunn og om det skal takast betaling ved avståing av bruksrettar til vertikalnivået over fylkeskommunal veggrunn.

Denne fullmakta kan fylkesrådmannen delegere vidare til regionvegsjefen med høve til vidaredelegering .